

**Region Nordhordland Helsehus IKS - Styret si årsmelding 2022****Type verksemd og lokalisering**

Region Nordhordland Helsehus IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy. Selskapet har kontor i Knarvik. Selskapet skal planleggja, byggja og drifta eit Region- og helsehus til offentleg tenesteyting, fortrinnsvis helse - og omsorgstenester for kommunane i Region Nordhordland.

**Rekneskapsmessig resultat**

Driftsrekneskapan viser eit netto driftsresultat på kr 1 633 068,-. Dette er satt av til disposisjonsfond. Driftsutgiftene er lønn og kjøp av varer og tenester. Netto renteutgifter er kr 10 835 560,-. Inntektene er i hovudsak leigeinntekter på kr 34 42 507,-

I 2022 er der betalt minimumsavdrag på kr 10 974 016,- og i tillegg er der betalt ekstraordinært avdrag på kr 19 025 984,- (ubenyttå låneuttak) som er ført i investeringsrekneskapan.

Investeringane i 2022 er kr 17 703 491,-. Totalt er det ved utgangen av 2022 investert kr 472 318 235,- i prosjektet. Styret meiner at årsrekneskapan gir eit rettvisebilete av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

**Aktivitet**

Selskapet har også i 2022 jobba med oppfølging etter ferdigkontrollar, gjennomføring av prøvedrift og optimalisering av tekniske system.

**Likestilling/HMS**

Selskapet har ein person i 100% stilling (driftsleiar) og ein person i 15% (rekneskapsfører) fast tilsett pr. 31. desember 2022. Dagleg leiar vert innleigd frå søsterselskapet Region Nordhordland IKS. Styret består av to kvinner og tre menn. Det er ikkje sett i verk særskilte likestillingstiltak.

**Påverknad av det ytre miljø**

Selskapet har ikkje vore til last for det ytre miljø. Aktuelle problemstillingar vert fylgd opp i prosjektet.

**Grunnlag for fortsatt drift**

Etter styret si vurdering er det grunnlag for fortsatt drift av verksemda.

Knarvik, 16. mars 2023

Håkon Matre  
Styreleiar

Torbjørn Nævdal  
Styremedlem / nestleiar

Rita Tveiten  
Styremedlem

Solfrid Olsen Farestveit  
Styremedlem

Øivind Olsnes  
Styremedlem

Rune Heradstveit  
Dagleg leiar